

# BOKN BYGDABLAD

---

NR. 1 - FEBRUAR 1996 - ÅRG. 11

---

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## **RATTSØUTVALET VIL REDUSERA STATSTILSKOTET TIL BOKN MED 1/3**

Dersom det såkalla Rattsøutvalet si innstilling skulle bli vedtatt uendra i Stortinget, ville Bokn kommune sine inntekter frå staten etter nokre år bli redusert med ca. 3,6 mill. kroner årleg. Første år ville nedskjeringa bli på kr. 720.000, for så å enda opp i 3,6 mill. kroner etter 5 år.

I 1996 fekk Bokn 11,44 mill. kroner i statstilskot, altså ville Rattsøutvalet skjera dette til 7.84 mill. kroner.

Når ein veit at kommunen i dag har problem med å få endane til å møtast, skjørnar ein godt at ein slik reduksjon vil bidra sterkt til at små kommunar blir tvinga til å gi opp sjølvstendet sitt. Ikkje før var Christiansen-utvalet sin rapport vedrørande kommunesamanslåingar lagd død før eit nytt utval foreslår som så mykje mindre til dei minste kommunane at desse ikkje kan oppretthalda eit akseptabelt service-nivå om utvalet sine forslag skulle gjennomførast slik det ligg føre.

Bokn kommune saman med 6 andre mindre kommunar i Rogaland har vore blant initiativtakarane til å diskutera felles strategi etter at Rattsø-utvalet si innstilling låg føre. Kommunane er Kvitsøy, Utsira,

Forsand, Rennesøy, Finnøy, Bjerkreim og Bokn.

Ordførar Sigrunn Hole Hosaas seier at det sikkert kan stemma at det er ein del kommunar som i dag får for lite midlar i forhold til dei oppgåvane dei skal løysa. Det er ikkje dette småkommunane reagerer på. Tvert imot - det er nok nødvendig å retta slike ting opp. Men når konsekvensen av at desse skal få meir blir at servicetilbodet i dei små kommunane blir så skadelidande, vil det medføra at det som over tid er bygd opp, vil forsvinna att. For Bokn sin del vil det føra til ei sterke nedbygging av det tilbodet vi har innan t.d. skule, barnehage og eldreomsorg og andre kommunale tilbod. Kva blir konsekvensen for busetjing og verdiskaping i ditrikta? Dei kommunale service-tilboda er lojalt oppbygde etter oppmodingar og pålegg frå staten. Ein må nå setja lit til at innstillinga vert sterkt endra før ho vert endeleg vedtatt. Dette må til dersom distrikta skal ha skikkelege levevilkår. Sigrunn Hole Hosaas seier at innstillinga slik ho ligg føre i dag, vil berøra dei fleste innbyggjarane

framh. s. 2

## RATTSØ-UTVALET..framh.

direkte dersom ho vert gjennomført utan at småkommunane får større overføringer enn det som er lagd opp til.

Etter at innstillinga nå har vore debattert i media ei tid, er det ei rekje ordførarar frå distrikts-Norge som har kome med klar beskjed om kva konsekvensene vil bli i distrikta ved ei slik omlegging av

inntektsfordelinga frå staten, og m.a. kommunalministeren har kome med formuleringar i retning av at det endelige resultatet av innstillinga vil bli endra slik at distriktskommunane skal kunna 'overleva'. Kva som ligg i dette er nok vanskeleg å vita, og distrikts-Norge må nok bruka tida godt framover mot våren før trådane skal samlast hos dei sentrale styresmaktene.

## 18 ÅRS GRENSE PÅ DANS

### Retting

I Bygdablad nr. 10 - 1995 hadde May Jorunn Vatnaland ein artikkel om dette. På slutten av artikkelen sto fylgjande:

«Dei som stiller opp som vakter får som ei lita oppmuntring invitasjon til neste dansen vår m/fylgje. Me er veldig takknemlege for dei gode vaktene me har hatt. Dei gjer ein flott innsats. Dessverre er det få som stiller opp igjen...»

Siste setning er feil. Rett setning skal vera:

«Dessverre er det ofte dei same som stiller opp igjen..»

Bygdabladet beklagar feilen som var komne inn og gjorde at setninga fekk ei anna betydning enn det som opprinnleig var skrive av May Jorunn Vatnaland. (Red).



## DANSEN DEN 28.10.95

(Lesarinnlegg)

STYRET I BOKN IDRETTSLAG  
V/ MAY JORUNN VATNALAND

Eg vil bare komme med ein kommentar til henne om aldersgrensen også. Etter klokken 24.00 var aldersgrensen fritt fram. Forresten var den brutt før den tid også. Og det var også opptøyar utenfor. Hvor var fru Vatnaland da når hun kan påstå at det ikke var opptøyar ute.

Når det gjelder stjålne jakker. Gjør som nå. Ta betalt for og heng bort jakkene. For da har han som står der ansvaret for klærne som henger der.

Hilsen Gerd H. Thuestad

## SVAR TIL GERD.H.

THUESTAD

Innlegget mitt i forrige bygdablad om dansen 28.10.95 bygde på opplysningar frå vakter som orienterte meg om at det hadde godt greit.

*May Jorunn Vatnaland*

## **LIKEVEL IKKJE PERMITTERINGAR VED BOKN PLAST**

Bokn Plast som hadde sent ut permitteringsvarsel for 50% av arbeidstida til dei tilsette frå romjula og ut mars 1996 har trekt varselet tilbake.

Einar Vetvik ved Bokn Plast seier til Bygdabladet at dei vil prøva å avverna situasjonen, og dei håpar dei slepp å setja i verk permitteringar.

## **TRIVSEL I BIBLIOTEKET**

*Høgaste utlånsauke i fylket i 1995*

Bokn Folkebibliotek hadde ein fin auke i utlånet i 1995. Auken var på heile 53%. Dette resulterte i at biblioteket i Bokn nå er kome over gjennomsnittet i fylket når det gjeld utlån pr. innbyggjar. Det vil seia 6,8 bok pr. 'håve'. Totalt vart det i 1995 utlånt 5.249 bøker, litt meir enn det som tidlegare er opplyst i media.


2.549 av desse bøkene vart lånte av ungar, og dette synest biblioteksjef Linda Ognøy godt om. Ho seier at skulen er blitt flinkare til å bruka biblioteket det siste halve året. Etter kvart skal skulebiblioteket inn i folkebiblioteket.

Linda Ognøy seier til bygdabladet at ei av årsakene til auken er at biblioteket i slutten av mars månad i fjor innførte datasystemet 'Media' som inneber at bøkene kjem raskare i omløp enn tidlegare, og fleire får låna populære bøker i og med at det automatisk blir utsent purring når lånetida er ute. Det betyr at folk slepp å venta så lenge på dei mest etterspurde bøkene som tidlegare p.g.a. betre sirkulasjon. Dei fleste

biblioteka opplever at innføring av datasystem medfører auke i utlånet.

Linda Ognøy seier at biblioteket her i Bokn ikkje på langt nær får så mykje midlar til rådvelde pr. innbyggjar til bokkjøp som dei andre minste kommunane i fylket. Ho håpar difor dette kan betra seg.

Etter at biblioteket har åpna dører permanent til Allrommet, har ein fått betre plass. Biblioteksjefen seier at nokre reolar skal inn på Allrommet når det er kome hjul på dei. Det vil då bli meir rom og plass inne i sjølve biblioteket, noko som særleg vil gje forholda betre for dei yngste. Ved arrangement i Allrommet kan dei trillast inn i biblioteket.



## **LIKEVEL FOTPLEIE-TILBOD**

Ved at kommunen tok bort støtten til fotpleie, vart det frå januar 1996 slutt på det fotpleie-tilbodet som kommunen har hatt gjennom mange år, og den fotterapeuten som kommunen hadde avtale med slutta. Frå 7.februar blir det likevel fotterapi i kommunen. Rita Jensen som bur i kommunen vil starta opp med fotterapi kvar onsdag. Vidare har Bokn sanitetsforening vedtatt at dei skal inn og subsidiera prisen pr. behandling for pensjonistar. Det er difor truleg at prisen for pensjonistar blir omtrent den same som før. Rita Jensen som er utdanna fotterapeut vil ha praksisen sin i Boknatun på same stad som det foregjekk tidlegare. Ho vil gi tilbod kvar onsdag etter bestilling. Ho meiner at det nok er noko større behov for fotterapi enn det som har vore tidlegare, og vil difor prøva å gi eit betre tilbod enn det som har vore før. Fotterapi er ikkje noko lovpålagd teneste som kommunane må ha. Det er likevel ei teneste som mange set

umåteleg stor pris på. Plager som folk kan gå rundt med kan vera hard hud, torner, inn/nedgrodde negler, deformerte (tjukke,svampaktige) negler, vorter, sopp, skeive stortåledd m.v. Det er ingen grunn til å akseptera slike plager. Vonde føter finn ein både hos kvinner og menn, og i alle aldrar.

Ein fotterapeut kan gjennom behandling gi hjelp til dei som er plaga av vonde føter. Om ikkje alle plager kan ordnast for alltid, kan fotterapeuten hjelpa til slik at ein kan leva med ei plage på einmindre smertefull måte ved å gi behandling og forebyggja vidare utvikling av plagene. Mange er ikkje klar over at det er behandling å få for vonde føter, og trur at dei er aleine om slike lidingar.

Fötene er dert viktig å ha i orden og føla velvere med. Dei har heile kroppstyngda på slita med, og dei som har prøvd det har erfart at det gir velvere i heile kroppen å få stelt føtene når dei er vonde.

## **LYNGBRANN**

Torsdag den 25.januar braut det ut ein hissig lyngbrann mellom Hognaland og Are. Brannvesenet i Bokn foretok utrykking, og fekk kontroll på elden etter ei tid. Brannsjefen opplyser at det blei svidd av ca. 50 mål. Brannsjef Hans Faye seier at i det tørre veret skal det lite til før open eld kan ta overhand. Det skal meldast frå til brannvesenet dersom ein har planar om å brenna. Det vert då gitt melding frå kommunen sitt brannvesen til den interkommunale sentralen i Haugesund. Dei får av og til meldingar t.d. frå fly som observerer brannar, og då kan det vera greit å vita om dette er ein planlagd, kontrollert brann. I Bokn er det mange som nå melder frå når dei skal svi av lyng eller andre større ting dei skal brenna.

## **HAR DU SLEKTNINGAR SOM BRUKAR PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE I BOKN?**

Det har vore vist interesse for å danna ei pårørandeforening for pasientar ved sjukestova og i heimesjukepleien. Det er vanleg at sjukeheimane har ei slik forening. I Bokn er drifta av den heimebaserte omsorga så nær knytta opp til sjukestova si drift at det hadde vore hensiktsmessig med ei pårørandeforening for begge kategoriar pasientar. Pasientane ved sjukestova bebuarrepresentasjon i styret for institusjonen, som no er Driftsstyret. Denne talsrepresentanten skal veljast av pasientane sjølv, og dei kan anten velja ein bebuar, pårørande, verge eller andre som nemnt i 'Forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie'.

Har du slektningar som er pasientar ved sjukestova eller i heimesjukepleien i Bokn, er du med dette invitert til møte med føremål å danna ei pårørandeforening:

**ALLROMMET, BOKNATUN, ONSDAG 14. FEBRUAR KL. 19.00**

Eva Brunborg Svendsen har erfaring frå slik pårørandeforening, og vil på møtet orientera om dette.

*Pleie- og omsorgssjefen*

## **MINNEORD**

Ingebjørg Ognøy, f. Øvrebø er død, 66 år gammal.

Foreldra hennar var Karen, f. Borgenvik og Sevrin Øvrebø. Dei dreiv gard på Øvrabø på Austre Bokn. Dei hadde 3 døtre, og Ingebjørg hadde ei eldre og ei yngre syster som begge bur i Bokn.

Ingebjørg arbeidde i yngre år både i Fana ved Bergen og i Stavanger. Elles var ho også mykje heime for å hjelpe foreldra då mora var ein del sjuk.

Ho vart gift med Paul Ognøy i slutten av 1950-åra, men han omkom kort tid etter. Dei fekk ein son som har overtatt garden.

Opp gjennom åra etter at ho vart enke budde ho på heimagarden med sonen sin. Ho stelte også for foreldra sine så lenge dei levde. Etter dei var døde dreiv ho garden aleine nokre år. Ho var aktivt med i misjonsforeninga til Det Norske Misjonsselskap, og hjalp også til når mora skulle ha forening. Utanom at ho hadde eigen son og foreldre som ho tok seg av, var ho også seinare til stor hjelp hos andre i slekta som trøng ei hand. Ho var eit uvanleg godmenneske, stillfarande, flittig og arbeidssam.

Ho var svært glad i barnebarna som det nå er blitt 3 av. Dei to største passa ho mykje. Son, svigerdotter og dei tre barnebarna bur nå på heimagarden.

## **IVAR AASEN-KVELD**

Torsdag den 15.februar vert det Ivar Aasen-kveld kl. 19.30 i Litlealen på Tysværtunet.

Det er Karmsund Mållag og Tysvær folkebibliotek som står som arrangørar.

Dei innbyr alle til hyggeleg samkome der Jens Kåre Engeset held festtale. Finn Møllerhaug syng Aasen-songar med Tonefylgle av Andre Møllerhaug. Vitjing av Ivar Aasen ved Sigmar Myhre. Allsong - matpause - svingom til tonar av Tysvær trekkspelklubb.

Utstilling i Tysvær folkebibliotek av Aasen sine skrifter og stoff om han frå 1. februar.

**Vel møtt!**

*Tilskipinga er gratis!*



**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
TLF 52 74 85 00  
FAX 52 74 86 77

# UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

Den kommunale mønstringa gjekk av stabelen 27. januar på skulen. I år var det 6 sceneinnslag fordelte på 19 deltakarar samt eit maleri. Og denne gong hadde med fagpersonar i juryen: Venevil Birkelund/Anne Jorunn Sjurseth, musikk - og Solveig Våga Loten/Jorunn Schmeichler, drama.

Starten på arrangementet blei kanskje litt oppjaga p.g.a. at representantar frå Haugesunds Avis hadde det travelt, og ville få med så mange innslag som mogleg før dei måtte til ei anna mønstring. Lyden var ikkje innstilt på førehand, og me fekk nokre tekniske problem. Dette er ting som juryen sjølv sagt ikkje tar hensyn til når dei vurderer innslaget. Konferansiéren gløymde ein del opplysninga i samband med introduseringa, men stort sett fekk me den godt besøkte mønstringa vel i hamn.

## *Desse var i aksjon:*

Marie Frøiland - song  
Marie Vatnaland - song  
Alexander Vila - keyboard  
Camilla Birkeland - keyboard  
Kristina Faye - bass/song

Sindre Nygaard - trommer

Innslag:  
*Har du hørt historien?* - trad.  
*Stranda* - Marie Frøiland

---

Kjartan Jensen - keyboard  
Synnøve Frøiland - song

Innslag:  
*Savner deg* - Kjartan Jensen

---

Bianca Alvestad - song  
Daghild Grønnestad - keyboard

Innslag:  
*Maybe* - *Frå Annie*

---

Geir Helge Christiansen - gitar

Innslag:  
*Hotel California* - Eagles  
*Brølet* - Maleri

---

Monica Lindanger  
Ellen Elise Ognøy  
Susanne Grønnestad  
Kirstin Hosaas  
Synnøve Frøiland  
Cecilie Larsen  
Nina Alvestad  
Hanna Aksdal  
Elise Marie Tollaksen

Innslag:  
*På skulen* - *Sketsj*

---

Ungdommens kulturmönstring er delt inn i fleire ledd:

- \* Kommunal mònstring - januar
- \* Fylkesmònstring - mars
- \* Turné - april
- \* Landsmònstring - mai

Det er sjølv sagt den kommunale mònstringa, der alle er med, som er den viktigaste. Dessverre får ikkje kommunen meir enn 15 minuttar brutto på fylkesmònstringa, og juryen må plukka ut dei innslaga som skal representera Bokn. Juryen har også som oppgåve å gi deltagarane tilbakemelding i form av konstruktiv kritikk. Innslag frå Bokn kan også koma med på turnéen i april.

Fylkesmònstringa 1996 blir i Storstova på Jæren som ligg på Bryne. Dette skjer 9. og 10. mars. Arrangementet har vakse seg stort etterkvart, og dei som skal vera med får beskjed om det meste i god tid. Foreldre vil også bli kontakta når det gjeld dei som skal vera med som

leiara. Det er også anledning for andre boknarar å ta turen til Bryne for å sjå korleis det går med programmet frå Bokn.

Juryen har sett saman følgjande program:

- \* *Stranda*
  - \* *Savner deg*
  - \* *Maybe*
  - \* *Hotel California*
- \* *Brolet ( maleri )*

Me ynskjer lukke til!

Og til dei som ikkje blei plukka ut:

Les jury-kommentarane nøyde, og kom sterkare igjen neste gong!

Takk til alle som var med og gjorde at den kommunale mònstringa blei avvikla på ein god måte!

## KULTURKALENDEREN

for våren 1996 blei sendt alle husstandar på nyttårsafta i fjor. Dersom nokon av ein eller annan grunn ikkje har mottatt kalenderen kan dei ta kontakt med kulturkontoret.

Me fekk ein del eksemplar denne gong frå trykkeriet, og dei som måtte ha behov for fleire kalenderar kan få dette.


- kulturleiaren -

# TORANESET


## Renovasjonsselskap



Toranest Renovasjonsselskap er eit interkommunal selskap for kommunane Bøm, Ene, Tysvær, Vindafjord og Ølen. Selskapet driv renovasjonsplass, administrerer innhenting av forbruksavfall, set i verk - og utfører gjenvinningstiltak i kommunane. Selskapet har fire nisette og ligg i Skjold i Vindafjord kommune.



### Sorteringsstasjon



### Oversikt over samlestasjonar

	Bokn	Fersvik kai	Bokn H-lag	Tysvær	Aksdal Senter	Bredt. Lundal	Tysværvøg br.	Åsheim. Hind.	Skjoldastr. bru	Nedstrand kai	Henrik v/Rom	Førre skule
Pap	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Kesavfall	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Gjenvinning	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Øvrigt	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x



### Selskapet har etablert fylgjande innsamlingsordningar:

**SPESIALAVFALL:** Spesialavfallsbil kører rundt i kommunane to gonger i året og samlar inn spesialavfall frå private grøvavfall frå hushaldningar  
**VÅROPPRYDDING:** Kvar vår kører ein rundt og samlar inn tiliviste plassar i hushaldningar  
**LANDBRUKSPLAST:** Landbruksplasten blir samla inn frå stukkeheimer osb. og leveret til Fylkeskjøkhuset i Haugesund  
**RISIKOAVFALL:** Risikoavfall blir samla inn frå legekontor, innsamlinga av fraksjonar som kan gjenvinnast, frå samlestasjonar som er utplasserte sentralt i kommunane.


**HUSSTANDSPAPIR:** (Aviser, ukeblad, reklame og papir) blir samla inn og leveret til Frelex på Karmøy  
**PAPP / PAPER:** frå næringslivet blir samla inn av Frelex, ikke porselen og keramikk; blir samla inn og leveret til Moss Glassverk.  
**DRINKEKARTONGAR:** blir samla inn og leveret til Frelex på Karmøy  
**GLAS:** blir samla inn av Frelex. NB! Tøyel som kastes må pakka inn



**Det er utlevert om lag 70 beholderar for drikkekartongar på skular og barnehagar. Det er bestilt og skal leverast ut 25 papirkont. på skulanane.**




**Oppningstider på renovasjonsplassen:**  
Månd. tysd. onsd.  
og fredag:  
08.00 - 15.00  
Torsdag:  
08.00 - 19.00  
Laurdag STENGT



### Renovasjonsplassen

	Bokn	Fersvik kai	Bokn H-lag	Tysvær	Aksdal Senter	Bredt. Lundal	Tysværvøg br.	Åsheim. Hind.	Skjoldastr. bru	Nedstrand kai	Henrik v/Rom	Førre skule
Pap	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Kesavfall	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Gjenvinning	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Øvrigt	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x



Renovasjonsplassen er driven som kontrollert hølling og tek imot hushaldningsavfall, næringssavfall, avvaha slam og spesialavfall frå medlemskommunane. På plassen er det opparbeidd sorteringsstasjon der private og industri sorterer ut trevirke, greiner, kvister, metall samt fraksjonar som papir, glas, spesialavfall osb. Det er gratis å levera grovavfall frå hushaldningar som kjen med privatbil m/tilhengar, mindre varebil eller pick-up.

**NB! GROVAVFALL SKAL IKKJE KASTAST I «HYTTECONTAINARANE»**  
Bildekk og bilbatteri skal leverast til forhandlarane (bensinstasjonar o.).  
**BILDEKK ER ULUVLEG Å DEPONERA PÅ RENOVASJONSPLASSEN**

Har du spørsmål om ordninga kan du ringja Toranest Renovasjonsselskap tlf. 53-76 24 74 fax: 53-76 26 27

# **BOKN MUSIKKORPS**

Den 18. januar 1996 var det årsmøte for fyrste gong i Bokn musikkorps.

Årsmelding og rekneskap frå Bokn skulekorps og Bokn Brass blei gjennomgått for siste gong - samstundes som vedtekter for det nye korpset stod på sakslista. Desse vedtektena tok utgangspunkt i dei gamle frå skulekorpset og er tilpassa Bokn musikkorps, som får amatørkorpsstatus. Når vedtektena er godkjende av Norges musikkorps-forbund, vil dei bli utdelte til alle medlemmene.

Det fyrste styret i musikkorpset blei:

- \* Ingebjørg Larsen
- \* Annleif Sæb

- \* Sølvi Tollaksen
- \* Øyvind Børgeesen
- \* Ein repr. frå driftsstyret

Vararepr.: :

- \* Randi Nilssen
- \* Elly Borgenvik

Årsmøtet gav styret fullmakt til å konstituera seg når representanten frå kommunen er vald.

Det var ein god tone på årsmøtet, og både styret og musikantar kan sjå lyst på framtida med eit nytt korps der økonomien er god og arbeidstilhøva ryddige. Med dette er sannsynlegvis Bokn kommune sikra korps i lang tid framover.


# **KULTURMIDLAR**

Ein vil i desse budsjett-tider opplysa om at samlege som kjem til å søkja om kulturmiddlar seinare i år, MÅ leggja fram avskrift av budsjett for 1996. Forandring av søknadsskjema i kulturstyresak *Kult. 13/95* er bakgrunn for denne påminninga. Lag og organisasjonar som ikkje fylgjer dette kravet, får ikkje tildelt kulturmiddlar.

Kulturmidlane skal etter planen delast ut før 1. juni. Ein vil i samband med søknadskunngjeringa seinare koma tilbake til dei andre krava som kommunen vil stilla for å få kulturmiddlar.

Dersom nokon treng hjelp til budsjett-arbeid, kan dei ta kontakt med kulturkontoret.

- kulturleiaren -



## BIBLIOTEKET – *gratis å spørje gratis å få svar*

### OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG : 16 - 19.00

TORSDAG: 10 - 13.30

### LESETIPS FOR FEBRUAR

#### BARN/UNGDOM

Belsvik, Rune:  
På nippet

Bødtker, Marit:  
Kristian til vers

Hauger, Torill T.:  
Tord Illugson

Osland, Erna:  
Matti og den store  
stjernepassaren

Pedersen, Erling:  
Hvile i grønne enger

#### VAKSNE

Ambjørnsen, Ingvar:  
Fugledansen

Christensen, Lars S.:  
Jubel

Eco, Umberto:  
Øya fra dagen før

Eliot, George:  
Middlemarch

Nilsen, Tove:  
Lystreise



## **163 MEDLEMMER I IDRETTSLAGET I 1995**

Bokn idrettslag si årsmelding for 1995 viser at medlemstalet har gått ned med over 20 frå 1994 til 1995. Likevel har idrettslaget hatt eit bra år med fleire aktivitetar.

Fotball har som tidlegare hatt stor plass. Sjølv om A-laget har hatt ein pause i 1995 er det påmeldt A-lag til 1996-sesongen. Eit anna ballspel som særleg er aktuelt i den mørke årstida er volleyball. Det har vore både damelag, ungdomslag og eit lag for menn.

Idrettsskule/barnetrim har hatt 22 medlemmer fordelt på to grupper. 4 personar har tatt idrettsmerke i 1995. 1995 har elles vore eit år for større marsjar. Vårsleppet blei lagt til Austre Bokn den 23. mars. 57 personar deltok.

Fredsmarsjen den 3. mai gjekk frå Straumen til Klepp. Kjempefrott ver og 82 deltakarar frå skulen på føremiddagen og 58 deltakarar om ettermiddagen i eit fantastisk vårver gjorde marsjen til ei fin opplevelse.

Firebruersløpet/bruamarsjen gjekk den 25. juni med 341 deltakarar, som var ein liten auke frå året før. Kjempefrott ver også denne dagen.

Elles arrangerte idrettslaget to dansetilstellingar i 1995, og to bingoar. På årsmøtet i idrettslaget 22. januar 1996 vart dette styret vald for 1996:

May Jorunn Vatnaland - formann  
Steeven Høyland - materialforvaltar  
Helge Kristian Nilssen - kasserar  
Arne Hosaas - ungdomsrepresentant  
Trond Almås - styremedlem  
Liss Sæbø - sekretær (ny)

Otto Fostenes - vararepr.  
Trond Foss - vararepr.(ny)  
Tor Harald Alvestad -vararepr.(ny)  
Oddrun Nilssen gjekk ut av styret, og Liss Sæbø og Ragnhild Trosnavåg gjekk ut som vararepresentantar.

Rundt 20 medlemmer møtte på årsmøtet. Vanlege årsmøtesaker vart behandla. Det vart orientert om fotballen i 1996 kor det er påmeldt mini/mix-lag, Lillegutt, Smågutt og Guttelag. I tillegg til dette A-lag. Det er problem å få tak i trenarar til alle. Det er elles ynskje om oppstart av handballtrening då ein del jenter er interessert i dette og må køyra til Falkeid for å trena. Dett vil bli undersøkt om det kan bli trening i Bokn.

### **Medlemskontigent:**

Passiv/støttemedl.: kr. 50,-

Aktivbarn/vaksen: kr. 100,-

Familie (1 husstand) kr. 300,-

A-lags-spelar: kr. 250,-

Medlemeskortet vil i år henga ved postgiroinnbetalingsslipper som blir sendt ut i februar/mars. Alle husstandar vil få tilbod om medlemsskap - og nye medlemmer er velkomne.

Det er avtale med Lasse Sport om 20% avslag på fotballar, joggesko og treningsutstyr og 10% på anna utstyr for medlemmer.

Barnetrimmen er starta opp igjen tysdagar. 3 - 5 år: kl. 16.00 - 16.45  
5 - 7 år: kl. 16.45 - 17.30

Magny Frøyland er leiar for dette.

Aerobic på Bokn skule mandagar kl. 20.30 - 21.30 starta 29.01 og vil gå 8 gonger fram til påske. Pris: kr. 150,-

Volleyballtrening mandagar for ungdom, tysdagar for menn og onsdagar for damer.

Trim for eldre kan startast dersom fleire meldar seg på til styret (May Jorunn Vatnaland).

**SYKKELHJELM** funnen i uåpna eske ved vegen på Alvestad.  
Tlf. 52 74 82 95

## BOKN I HANDBALLFINALE

Torsdag 18. januar spela jentene i 4. og 6.klasse på Bokn skule finale i handball mot jentene i 6.klasse på Hundvåg skule. Kampen blei spelt i Mastrahallen på Mosterøy.

Nervane var i høgspenn då jentene kom ut på banen, og det blei ikkje betre då dei fekk vita at 'Stavanger Aftenblad' var til stades.

Hundvåg byrja best og leia 5-2 etter halvspelt førsteomgang. Jentene frå Bokn klarte å ta seg opp, og før andreomgang var stillinga 6-6.

I andre omgang stod kampen og vippa. Men jentene frå Bokn var trøytte etter ein veldig god førsteomgang, og klarte ikkje å halda tempoet oppe.

Kampresultatet vart 7-11 til Hundvåg. Men likevel ein god andrepllass i turneringa. Dette er første gong Bokn har kome til ein finale i det heile tatt!

Og me må berre ta med at jentene er fornøgde med andrepllassen og den fine plaketten dei fekk.

Elev i 6. klasse.

## KEYBOARD

Det er i musikkskulen ledig elevplass på keyboard onsdagar mellom kl. 14.30 og 15.30. Du får 30 min. eineundervisning og treng ingen forkunnskaper.

Meir informasjon får du hos Jardar, som også er læraren på instrumentet.

### TORSKERUSER TIL SALGS

Doble m/4 ringer kr. 700,-  
Doble m/3 ringer kr. 650,-  
Enkle m/4 ringer kr. 400,-  
Enkle m/3 ringer kr. 350,-  
Tlf. 52 74 85 46

### TIL SALS!

Den gamle, gode VOLVOEN vår er til sals. Bilen er ein 1981-modell, er køyrt 164200 km og har berre hatt ein eigar.

Dette utstyret fylgjer med:

\*Radio/kassettspelar - \*Tilh.feste  
\*Lastebøy. - 4 s.dekk./4 piggdekk m.m.  
Er nokon interessert - ta kontakt med  
Ingjerd & Augustin Thuestad,  
tlf. 52 74 83 41

### BOKN MÅLLAG - ÅRSMØTE

Bokn mållag held årsmøte torsdag den 22.februar 1996 kl.19.30 på Allrommet, Boknatun. Songfuglane på Bokn syng Ivar Aasen-songar. Mat og kaffi. Val og vanlege årsmøtesaker.

### VISDOMSORD

#### 'STERK OG EDEL'

*Allari synet menneskesjelen så sterkt og edelt som når den gitt avkall på hevn og velger å glemme en fornærmedse.*

E.H. Chapin

#### 'IKKE BEDRE'

*Stor er ikke nødvendigvis det samme som bedre. Sølvkanner er ikke bedre enn fluer.*

Edna Ferber

#### 'KJÆRLIGHET'

*Kjærligheten er en frukt som kan hastes til alle årstider og bestandig er innenfor alles rekkevidde*

Mot Theresa

#### TUSEN TAKK!

Pasientane på sjukestova vil retta ein varm takk til Finn Drange for den flotte førfulsmiddagen og god oppvartning. Takk også til Liv Lie som sytte for trygg skyss fram og tilbake.

## **SLEKTERS GANG**

### **FØDDE:**

12.08.95: Nils Bjørn Nilsen og Anne Lise  
 Trosvåg Nilsen: Regine  
 30.08.95: Johannes Nilsen og Julianne  
 Nilssen: Maria  
 07.11.95: Trond Egil Nedrebo og Ellen  
 Nedrebo: Henrik  
 25.11.95: Per Helge Sunde og Helle  
 Sunde: Marianne  
 05.12.95: Oddvar Hognaland og Laila  
 Hognaland: Oddgeir  
 26.12.95: Per Elvind Ognøy og Norunn  
 Jordbrekk: gutt

### **DØDE:**

26.07.95:  
 Oskar Dirdal  
 06.09.95:  
 Johannes K.J. Sunde  
 08.10.95:  
 Elisa Aakre  
 23.12.95:  
 Ingebjørg Ognøy

**BOKN  
KOMMUNE**



**Sal av  
kommunal bustad**

Kommunen sin bustad på gnr. 11, bnr. 141 skal seljast. (bustaden nord for Bokn mek. verkstad). Bustaden inneholder stue, kjøkken, bad og 3 soverom, vaskerom og bod. Huset har ikke kjellar. Leigearalet er på ca. 100 kvm. inkl. bod og vaskerom. Tomta er ca. 760 kvm.

Bustaden skal seljast til høgstbydande, men kommunen tek etterhald om å kunna forkasta eitkvart tilbod. Tilboda skal vera skriftlege.

Seljar vil betala omkostningane ved salet. Interesserte kan venga seg til teknisk sjef for nærmere opplysningar og synfaring. Tlf: 52 74 85 00.

**Rådmannen**

**HELESTASJONSDAG**

Måndagar 9 -11.30.  
 Elles etter avtale.  
**Marie Løvoll Faye**  
 helsesøster

**BOKN  
KOMMUNE**



**OPNE  
KOMMUNALE MØTE:**

**FORVALTNINGSSTYRET:**  
 14.02., 20.03., 17.04., 05.06., 14.08.,  
 11.09., 16.10., 13.11., 04.12.

**DRIFTSSTYRET:**  
 08.02., 28.03., 18.04.,  
 09.05., 06.06.

**FORMANNSKAPET:**  
 13.02., 12.03., 16.04., 07.05., 14.05.,  
 04.06.  
 13.08., 17.09. OG 18.09., 15.10.,  
 19.11., 26.11., 03.12.

**KOMMUNESTYRET:**  
 27.02., 30.04., 18.06.  
 27.08., 29.10., 17.12

## **BOKN FYSIOTERAPI**

*Geir Austvik  
tlf. 52 74 85 00*

**Åpningstider:**  
**onsdag og annankvar laurdag**

- Lær avspenning
- Lær gode arbeidsstillingar
- Reduser muskelspenningar
- Få mindre smerter

**Ta gjerne direkte kontakt**

## **Bokn Røde Kors**

**«Den kalde freden»**

Bokn Røde Kors hadde innsamling søndag 21. januar, og fekk inn kr. 11. 432,50.

Bokn Røde Kors ga i tillegg kr. 8.000,- slik at samla beløp blei kr. 19.432,50.

Pengane går til kuvøser, ambulanser m.v. i ex-Jugoslavia.

Denne kampanjen i Norges Røde Kors går til midten av februar. Bank- og postgiro nr. 10.

*Takk for all støtte.*

**BOKN  
KOMMUNE**



## **STØTTEKONTAKT**

Bokn kommune har bruk for personar som kan vera støttekontakt for barn og vaksne. Løn etter tariff. Dersom du kan tenkja deg slikt arbeid nokre timer i veka - ta kontakt med Bokn sosialkontor for nærmere informasjon.  
tlf. 52 74 85 00

## **VOLVO 240**

Godt vedl. holdt Volvo 240 GLE 1987 mod. 170.000 km. Nylig bruktbiltestet. Hengerfeste, utetemp. måler, til salgs tlf. 52 74 85 25

Hjertelig takk for oppmerksomheten på vår diamantbryllupsdag

*Magnus og Fernanda*

Hjertelig takk for oppmerksomheten på 60-års dagen min.

*Maud*

## **BOKN BYGDABLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373 07 00305

### **BYGDABLADNEMND:**

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 400,-  
Halv side: kr. 150,-  
¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonssar: kr. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg

## **ARRANGEMENT:**

- 6.8. og  
11.02: Karmsund Indremisj. Bokn bedehus kl. 19.30  
11.02: Sundagsskule i Kyrkjebygd skule kl. 14  
20.02: Speidarbasar, Bokn bedehus  
22.02: Møtet avertert av Israelmisjonen er avlyst.  
22.02: Bingo: Arr: Bokn musikkorps  
24.02: Dans - Simon & Gardsguten  
Arr: Bokn idrettslag  
25.02: Sundagsskule i Kyrkjebygd skule kl. 14  
26.02: Årsmøte, Bokn Sanitetsforening  
29.02: Nærbutikkens dag

**LENSMANN**  
*Første fredag i kvar mnd.*  
**kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun**

**LANDBRUKSKONTORET**  
*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

**Miljøvernleiaren** i Bokn har kontortid måndagar, tysdagar og halv dag på onsdagar

**Ordføraren** er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00



- 04.02 kl.11: Gudsteneste v/vikarprest Offer til IKO.  
18.02 kl.11: Gudsteneste v/Helge Gaard. Offer til Den Indre Sjøm.misj. Nattverd.  
03.03 kl. 19: Gudsteneste v/Arne Aurdal. Offer til Arbeid mot vold. Mark. av Sanitetens 100 års jubileum. Kyrkjekaffi.  
17.03 kl.11: Fam.gudst. v/ Arne Aurdal. Offer til Sokner.kassen Speidarane deltar.

## **FOTPЛЕIE**

Eg startar opp med fotpleie på Boknatun på onsdagar frå 7. februar. For timebestilling ring tlf.52 74 82 95  
Ordinær behandling kr. 180,-  
Pensjonistar får redusert pris gjennom at Bokn Sanitetsforening gir støtte.

*Rita Jensen*  
*off. godkjent fotterapeut*